

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP

Møtedato: 30.04.2026**Møtestad:** Formannskapssalen 3 et.,
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:00 - 15:31**Behandla saker:** 48-49/2026

Møteleiar:	Parti:
Terje Søviknes	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Asle Olsen	SV
Espen Aspenes	FrP
Hans Vindenes	H
Helge Steinum	Ap
Jon-Ivar Revne	INP
Laila Marie Reiertsen	FrP
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Terje Søviknes	FrP
Trine Lindborg	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Emil Tetlie Brimsholm	H

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Hans Vindenes	H

Frå administrasjonen møte:

Kommunalsjef Eystein J. Venneslan, konstituert plansjef Kaisa Banne, rådgivar Ragnhild Lønningdal, konstituert fagleiar Anna Tjosås, juridisk rådgivar Elisabeth Totland, rådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal.

Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
48/2026	26/4032 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
49/2026	25/4423 Behandling av arealinnspel for kommuneplanens arealdel (KPA)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 23.04.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 48/2026, BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 30.04.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 09:00

Innkallinga blei godkjent.
Møteprotokoll frå 23.04.2026 blei godkjend.

Merknader til saklista:

- Saklista tel ei sak i tillegg til godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste, sak 49/2026.
- Ordførar hadde i forkant av møtet sendt ut epost kor det blei opplyst at møtet ikkje skulle sendast på KommuneTv.
- Asle Olsen, SV ba i e-post 29. april om at møtet skulle strøymast likevel.
- Det vil vera enkeltinnspel kor representantar vil automatisk vera inhabile etter forv. §6, 1. ledd. Sjølv om representantar er inhabile i enkeltinnspel vil ein ikkje vera inhabil i behandlinga av arealplanen.
- På slutten av møtet vil det vera ein sekvens kor ein kan spela inn politiske innspel til administrasjonen for vurdering.

Votering strøyming:

Forslag til vedtak om å strøyme møtet på KommuneTV fekk 3 stemmer (2Ap, 1SV) og fall.

KommuneTV blei slått av kl. 09:19. Resten av møtet blir halde utan strøyming.

Saklista blei godkjent med merknader.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 23.04.2026 blei godkjend.
Sakslista blei godkjent med merknader.

49/2026 - BEHANDLING AV AREALINNSPEL FOR KOMMUNEPLANENS AREALDEL (KPA)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtar å gå vidare med arealinnspelet i tråd med tilrådingane til administrasjonen.

**Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet
FrP/H**

Formannskapet vedtar å gå vidare med arealinnspeil i tråd med tilrådingane til administrasjonen, med følgjande merknader og endringar;

Bustad:

Følgjande innspeil går vidare til KU:

- a. 63/9
- b. 63/10
- c. 119/7, nr 1. og det unummererte arealet nord for fylkesvegen. Det er ønskeleg at ein ser bustadutviklinga i områda på Helland som ei heilheit.
- d. 184/1

LNF-spreidd:

Enkeltbustader der det er spelt inn LNF-spreidd vert ikkje tatt med vidare, men mindre det er aktuelt å opna eit større område for LNF-spreidd med potensiale for framtidig bustadbygging.

Formannskapet ber om at ein med utgangspunkt i innkomne arealinnspeil ser på eit eller fleire delområde til LNF-spreidd i Baldersheim. Tilsvarande vil vera aktuelt i andre bygder eigna for LNF-spreidd.

Følgjande innspeil går vidare til KU:

- a. 115/2

Næring:

Følgjande innspeil går vidare til KU:

- a. 31/60 - ta inn meir areal utover, på sørsida av fylkesveg
- b. 54/1 - utvide næringsarealet mot nordaust
- c. 8/22
- d. 30/27
- e. 44/6
- f. 73/1 - ta inn arealet sør for fylkesvegen
- g. 111/2

Offentleg areal, infrastruktur, idrett

Følgjande innspeil går ikkje vidare til KU:

- a. 120/135, 123/86
- b. 122/11
- c. 184/3
- d. 185/98
- e. 188/34

Småbåthamn framfor naustområdet

Følgjande innspeil går vidare til KU

- a. 29/10 utvida arealt mot nord
- b. 24/14
- c. 27/55
- d. 27/153
- e. 31/153 ta inn 1/3 ut i sundet langs Brimsholmen

Fritids- og turistformål

Ei rekkje aktørar har spelt inn næringsareal med føremål om utleigenaust- og hytter, mikrohytter og liknande retta mot turistmarknaden (ca 10 innspeil). Etter Plan- og bygningslov er dette kategorisert som «fritids- og turistformål», som planprogrammet ikkje opnar opp for.

Formannskapet er samd med administrasjonen si tilnærming om at slike tiltak i daglegta len fort fell inn under kategorien næringsareal, og vil på denne bakgrunn be administrasjonen ut i frå likskapsomsyn gjennomføra ein ny avgrensa høyringsrunde for arealinnspele knytt til arealkategorien Fritids- og turistformål, jf. pbl § 11-7, nr. 1.

Administrasjonen får fullmakt til å presisera kva type Fritids- og turistformål kommunen ynskjer arealinnspele på.

Råstoffutvinning

Tilsvarande gjeld for innspele på næringsareal for steinbrudd/råstoffutvinning (3 innspele), som etter Plan- og bygningslova er kategorisert som «råstoffutvinning». Også her ber formannskapet om ein ny avgrensa høyringsrunde for arealinnspele knytt til arealkategorien Råstoffutvinning, jf. pbl § 11-7, nr. 1.

Dette for å sikre at arealinnspele for desse to føremåla kan verta vurdert i denne KPA-rulleringa.

Næring

Formannskapet konstaterer at ein har fått inn for få arealinnspele på næring. I samband med ny avgrensa høyringsrunde for arealinnspele om Fritids- og turistformål og Råstoffutvinning, ber formannskapet om at ein også legg til rette for ytterlegare innspele på Næringsareal. Det må presiserast at det ikkje er naudsynt å fremja opp att tidlegare arealinnspele, fremja innan fristen 15.02.26.

Framtidig KPA-rullering

Formannskapet registrerer elles at det er komme inn mange arealinnspele som er silte vekk i fase 1 fordi dei er i strid med arealstrategiane som er vedtekne i Planprogrammet for KPA. Innspele som er silt vekk er i hovudsak bustad og LNF-spreidd bustad på vestsida av Bjørnafjorden, og som ikkje ligg i nærleiken av omsorgstenester. Vidare gjeld det innspele om fritidsbustadar og naust.

Formannskapet legg til grunn at dersom ein lukkast i å gjennomføra pågåande KPA-rullering i tråd med vedteken framdriftsplan, så bør ein i neste valperiode gjennomføra ein ny KPA-rullering med t.d. arealstrategiar knytt til bustad i Bjørnafjorden Vest, samt fritidsbustad og naust i heile kommunen.

Ytterlegare areal til KU

Aminstrasjonen får fullmakt til å senda ytterlegare areal (primært næring og offentlege areal) til konsekvensutgreiing (KU) for å sikra gode alternativvurderingar i KU-prosessen.

Framlegg til vedtak frå Asle Olsen, SV - Sosialistisk venstreparti

Alternativt framlegg til vedtak fra SV

Formannskapet sender arealinnspele som er tilrådde å gå vidare til konsekvensutgreiing tilbake til administrasjonen for ny gjennomgang, med følgjande presiseringar av vekting før ny behandling:

For areal på land:

- a) Konfliktområde knytt til kjerneområde landbruk, fulldyrka jord, overflatedyrka jord eller innmarksbeite skal vektast sterkare, i tråd med statlege planretningslinjer for jordvern.
- b) Konfliktområde knytt til omsynssone for verna vassdrag skal vektast sterkare. Forholdet til forvaltningsplanen for vassdraget skal gå eksplisitt fram av vurderinga.
- c) Friluftsområde og registrert naturverdi av stor eller særleg stor forvaltningsinteresse skal vektast sterkare, jf. naturmangfaldlova §§ 8–10.
- d) Skog med særskild høg bonitet skal vektast sterkare som konfliktområde, på line med fulldyrka jord.

For småbåthamn:

e) Småbåthamn skal vurderast ut frå om geometrien og lokaliseringa er eigna for ei samla småbåthamn. Smale, langstrekke HA-areal framfor samanhengande nausttrekkjer, der utforminga i praksis legg til rette for ei flytebyggje per naust framfor eitt samla anlegg, skal vektast som lite eigna. Ønsket med småbåthamn er felles anlegg, ikkje private byggjer per eigedom.

Avgrensing:

f) Returen gjeld berre dei innspela som administrasjonen har tilrådd å gå vidare til konsekvensutgreiing. Returen utgjer såleis eit strengare krav, ikkje ei opning for innspel som er silt vekk i tidlegare fasar. Innspel som er silt vekk i fase 1, 2 eller 3 vert ikkje rørte.

Behandling:

Plansjef Kaisa Banne innleia med å gå igjennom status i KPA arbeidet.

Bustad:

63/9

Votering:

Forslag fremma av Asle Olsen, SV om å ta ut området fekk 3 stemmer (2Ap, 1SV) og fall.

63/10 Det er eit lavterskeltilbod i tilknytning til området.

Votering:

Forslag fremma av Asle Olsen, SV om å ta ut området fekk 3 stemmer (2Ap, 1SV) og fall.

119/7 - Nr. 1

Votering:

Forslag fremma av Asle Olsen, SV om å ta heile området ut fekk 1 stemme og fall.

Forslag fremma av FrP/H om å gå vidare med å ta heile innspelet vidare i denne fasen fekk 8 stemmer (3FrP, 2H, 2Ap, 1INP) og blei vedtatt.

119/7 - det unummererte arealet nord for fylkesvegen. Det er ønskeleg at ein ser bustadutviklinga i områda på Helland som ei heilheit.

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta med det unummererte arealet nord for fylkesvegen blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

184/1

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta med innspelet fekk 5 stemmer (3FrP,2H) mot 4 stemmer og blei vedtatt

189/4 - blir handtert i områdeplan Strandvik og blir liggande i innspel som ikkje går vidare til KU

Møtet blei midlertidig heva kl. 10:37

Møtet blei sett att kl. 10:50

LNF spreidd

Juridisk rådgivar Elisabeth Totland orienterte om vurderingar gjort i LNF spreidd.

Ordførar Terje Søviknes, FrP ba Bjørnafjorden formannskap om å vurderer Jon Ivar Revne, INP sin habilitet i drøftinga om å sjå Baldersheim som ei heilheit.

Representanten har familie som har kome med innspel i dette området.

Jon Ivar Revne, INP forlot sete og var ikkje med under behandlinga av habilitetsspørsmålet.
Det er ikkje kalla inn vara for representanten.
Det er 8 stemmeføre i salen.

Bjørnafjorden formannskap erklærte Jon Ivar Revne, INP inhabil i under vurderinga av Baldersheim som heilheit, jf. forvaltningslova §6, 1.ledd
Jon- Ivar Revne, INP var ikkje med under drøfting om å sjå Baldersheim som ei heilheit.
Det er 8 stemmeføre i salen under behandlinga av innspela.

Formannskapet ber om at administrasjonen ser samla på Baldersheim for LNF spreidd hensyntatt dei inspela som er kome inn

Jon Ivar Revne, INP kom tilbake i møtet etter behandlinga av LNF spreidd i Baldersheim.
Det er 9 stemmeføre i salen.

115/2

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta inn innspelet fekk 8 stemmer mot 1 stemme (1SV) og blei vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva kl. 11:47

Møtet blei sett att kl. 12:19

Næring:

31/60 - ta inn meir areal utover, på sørsida av fylkesveg

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta inn meir areal utover på sørsida av fylkesvegen blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

54/1 - utvide næringsarealet mot nordaust

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å utvide næringsarealet mot nordaust blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

8/22

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta innspelet inn blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

30/27

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta innspelet inn blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

44/6

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta innspelet inn blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

73/1

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta innspelet inn blei vedtatt mot 3 stemme (2Ap, 1SV)

111/2

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta innspelet inn blei vedtatt mot 3 stemme (2Ap, 1SV)

Møtet blei midlertidig heva kl 13:11

Møtet blei sett att kl. 13:24

Offentleg areal og idrett

120/135, 123/86 ligg som rekkefølgekrav i reg. plan for Tollaneset

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta innspelet ut blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

122/11

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å ta ut innspelet blei vedtatt mot 3 stemmer (2Ap, 1SV)

Innspela for 184/3, 185/98 og 188/34 tas ut då dei blir handtert i områdeplan.

Småbåthamnar

29/10

Marie Bruarøy, H ba Bjørnafjorden formannskap vurderer hennar habilitet. Representanten er nær familie til grunneigar 29/10.

Marie Bruarøy, H forlot sete under behandlinga av habilitetsspørsmålet. Det er ikkje kalla inn vara for representanten.

Det er 8 stemmeføre i salen.

Bjørnafjorden formannskap erklærte Marie Bruarøy, H inhabil i under vurderinga av Baldersheim som heilheit, jf. forvaltningslova §6, 1.ledd

Marie Bruarøy, H var ikke med under behandlinga av innspelet.

Det er 8 stemmeføre i salen

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om å utvide arealet i nord blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

Marie Bruarøy, H kom tilbake i møtet etter behandlinga av innspelet om 29/10

Det er 9 stemmeføre i salen.

24/14

Votering:

Forslag fremma av FRP/H om å ta inn innspelet blei vedtatt mot 3 stemmer (2Ap, 1SV)

27/55

Votering:

Forslag fremma av FRP/H om å ta inn innspelet blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

27/153

Votering:

Forslag fremma av FRP/H om å ta inn innspelet blei vedtatt mot 1 stemme (1SV)

31/153 - ta inn 1/3 langs i sundet langs Brimsholmen

Votering:

Forslag fremma av FRP/H om å ta innspelet med blei vedtatt mot 3 stemmer (2Ap, 1SV)

Møtet blei midlertidig heva kl. 14:31

Møtet blei sett att kl. 14:42

Arealinnspel som er silt vekk i 1. fase

Formannskapet ba om at dei innspela som ein ikkje fann i dagens sakspapir, kjem opp i seinare behandling.

Votering:

Forslag fremma av FrP/H om ei ekstra innspelsrunde på fritids- og turistføremål blei einstemmig vedtatt-

Forslag fremma av FrP/H om råstoffutvinning blei einstemmig vedtatt

Forslag fremma av FrP/H om ei ny generell innspelsrunde på næring blei einstemmig vedtatt

Forslag fremma av FrP/H om framtidig KPA-rullering blei einstemmig vedtatt.

Ytterlegare innspel:

- LNF spreidd - nedforbi helsetunet på Baldersheim ligg som bustad, Baldersheim. Grunneigar burde spelt inn endring frå bustad til LNF spreidd.

Votering:

Alternativt framlegg til vedtak fremma av Asle Olsen, SV fekk 1 stemme (1SV) og fall.

Møtet blei heva kl. 15:31

Vedtak:

Formannskapet vedtar å gå vidare med arealinnspel i tråd med tilrådingane til administrasjonen, med følgjande merknader og endringar;

Bustad:

Følgjande innspel går vidare til KU:

- a. 63/9
- b. 63/10
- c. 119/7, nr 1. og det unummererte arealet nord for fylkesvegen. Det er ønskjeleg at ein ser bustadutviklinga i områda på Helland som ei heilheit.
- d. 184/1

LNF-spreidd:

Enkeltbustader der det er spelt inn LNF-spreidd vert ikkje tatt med vidare, men mindre det er aktuelt å opna eit større område for LNF-spreidd med potensiale for framtidig bustadbygging. Formannskapet ber om at ein med utgangspunkt i innkomne arealinnspel ser på eit eller fleire delområde til LNF-spreidd i Baldersheim. Tilsvarande vil vera aktuelt i andre bygder eigna for LNF- spreidd.

Følgjande innspel går vidare til KU:

- a. 115/2

Næring:

Følgjande innspel går vidare til KU:

- a. 31/60 - ta inn meir areal utover, på sørsida av fylkesveg
- b. 54/1 - utvide næringsarealet mot nordaust
- c. 8/22
- d. 30/27
- e. 44/6
- f. 73/1 - ta inn arealet sør for fylkesvegen
- g. 111/2

Offentleg areal, infrastruktur, idrett
Følgjande innspel går ikkje vidare til KU:

- a. 120/135, 123/86
- b. 122/11
- c. 184/3
- d. 185/98
- e. 188/34

Småbåthamn framfor naustområdet
Følgjande innspel går vidare til KU

- a. 29/10 utvida arealt mot nord
- b. 24/14
- c. 27/55
- d. 27/153
- e. 31/153 ta inn 1/3 ut i sundet langs Brimsholmen

Fritids- og turistformål

Ei rekkje aktørar har spelt inn næringsareal med føremål om utleigenaust- og hytter, mikroytter og liknande retta mot turistmarknaden (ca 10 innspel). Etter Plan- og bygningslov er dette kategorisert som «fritids- og turistformål», som planprogrammet ikkje opnar opp for. Formannskapet er samd med administrasjonen si tilnærming om at slike tiltak i daglegta len fort fell inn under kategorien næringsareal, og vil på denne bakgrunn be administrasjonen ut i frå likskapsomsyn gjennomføra ein ny avgrensa høyringsrunde for arealinnspele knytt til arealkategorien Fritids- og turistformål, jf. pbl § 11-7, nr. 1.

Administrasjonen får fullmakt til å presisera kva type Fritids- og turistformål kommunen ynskjer arealinnspele på.

Råstoffutvinning

Tilsvarande gjeld for innspel på næringsareal for steinbrudd/råstoffutvinning (3 innspel), som etter Plan- og bygningslova er kategorisert som «råstoffutvinning». Også her ber formannskapet om ein ny avgrensa høyringsrunde for arealinnspele knytt til arealkategorien Råstoffutvinning, jf. pbl § 11-7, nr. 1.

Dette for å sikre at arealinnspele for desse to føremåla kan verta vurdert i denne KPA-rulleringa.

Næring

Formannskapet konstaterer at ein har fått inn for få arealinnspele på næring. I samband med ny avgrensa høyringsrunde for arealinnspele om Fritids- og turistformål og Råstoffutvinning, ber formannskapet om at ein også legg til rette for ytterlegare innspel på Næringsareal. Det må presiserast at det ikkje er naudsynt å fremja opp att tidlegare arealinnspele, fremja innan fristen 15.02.26.

Framtidig KPA-rullering

Formannskapet registrerer elles at det er komme inn mange arealinnspele som er silt vekk i fase 1 fordi dei er i strid med arealstrategiane som er vedtekne i Planprogrammet for KPA. Innspele som er silt vekk er i hovudsak bustad og LNF-spreidd bustad på vestsida av Bjørnafjorden, og som ikkje ligg i nærleiken av omsorgstenester. Vidare gjeld det innspel om fritidsbustadar og naust.

Formannskapet legg til grunn at dersom ein lukkast i å gjennomføra pågåande KPA-rullering i tråd med vedteken framdriftsplan, så bør ein i neste valperiode gjennomføra ein ny KPA-rullering med t.d. arealstrategiar knytt til bustad i Bjørnafjorden Vest, samt fritidsbustad og naust i heile kommunen.

Ytterlegare areal til KU

Aministrasjonen får fullmakt til å senda ytterlegare areal (primært næring og offentlege areal) til konsekvensutgreiing (KU) for å sikra gode alternativvurderingar i KU-prosessen.